

Møte i Gulen kommunestyre

Møtet vert halde i Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik torsdag 07.02.2008 kl 15.00.

Hovudinnhaldet på møtet vil vere opplæring innafor plan- og bygningslova og anna kompetanseheving for det nye kommunestyret.

Saklista vert kort, og vil liggje til gjennomsyn i ekspedisjonen på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet.

Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordførar

Kort informasjon om breibandsutbygginga

Sentralane Oppedal og Navdal (Dingja og Hisarøy m.v) er oppkopla mot internett. Ein kan no bestille tilgang. Sentralane på Oppdalsøyra og Ånneland er montert, men radiolinjene fram til sentralane er ikkje ferdig. Ein kan bestille tilkopling. Alle som bestiller vert kopla opp mot sentralane, og så snart radiolinjene er ferdig vert ein kopla mot internett.

Kontakt Enivest as for bestilling. (www.enivest.no)
tlf: 57 00 91 00

Trådløs restdekning.

Dei som av ulike årsaker ikkje får tilkopling via sentralane (linjelengd, kabelkvalitet m.v) skal etter kvart dekkast med trådløst internett. Dette arbeidet vert byrja på så snart sentralane nemnd over er ferdig.

Sjå elles heimesida for meir informasjon

Gledeleg melding til lag og organisasjonar!

Gulen kommune har også for 2008 løyvd **kr. 100 000,-** til kultur. Søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside.


N.B. Søknadsfrist for kulturmidlar er 1. mars. Merk søknaden om tiltaket gjeld "Barn og unge" eller "Ålmenkultur"

Kontakt *kulturkonsulenten* om du har spørsmål, anten på tlf: 57 78 20 06 eller på e-post: anne-karin.misje@gulen.kommune.no

Hjortejakta 2007

Det vart fellingsrekord i år med 461 felte dyr, nesten 90% felling. Sjå heimesida til Gulen kommune.

www.gulen.kommune.no
Alle data vil også vere tilgjengeleg i Hjorteviltregisteret innan 20. februar.
www.hjortevilt.no



Skogbruk

Ron Overdevest har avtale med Gulen kommune om å yte skogbruksfaglege tenester i 2008. Han er kontaktperson for alle skogfaglege spørsmål. Ron vert å treffe på mob: 976 74 654, helst på torsdag.

Jordbruk

Håvard Tveit er tilsett som jordbrukskonsulent i 40% stilling, med heimekontor på Ås fram til 1.august 2008. Hovudarbeidsområder er SMIL, BU-midlar og jord- og konsesjonslovsaker.

Håvard vert å treffe på tlf: 64 94 46 01/952 61 614. Etter 1.august har han full stilling og arbeidsplass i Gulen.

All post til Ron og Håvard skal sendast til kommunen.



Ledige stillingar

Gulen kommune ligg på sørsida av Sognefjorden, heilt ut mot havet.

*Innbyggjartalet er ca. 2400. Kommunen har ca 400 tilsette, som arbeider etter visjonen **samarbeid for utvikling!***

No treng vi nye medarbeidarar i følgjande stillingar:

- **Leiar løn- og personavdelinga**
- **PPT-rådgivar**

For meir informasjon sjå www.nav.no eller www.gulen.kommune.no

Du kan òg kontakte kontakte personalkonsulent på tlf: 57 78 20 25

Søknadsfrist: 26.01.08

Til alle frivillige, entusiastiske eldsjeler, dugnadsarbeidande kulturarbeidarar, næringsdrivande og alle andre:

Gulen kommune inviterer til

Oppmuntringssamling

På Dalsøyra skule, 30.jan. kl. 19.15.

Humørbonden Geir Styve (www.humorbonden.no) vil gjennom humor, fantasi, galskap og mot gje oss fagleg påfyll og refleksjonar.

Vi oppmodar særleg alle lokale lag og organisasjonar å stille med styreleiar eller ein annan frå styret. For næringslivet er dette eit godt høve til å få entusiastiske medarbeidarar.

Etter foredraget vil vi ta opp nokre konkrete tema:

- Kultur og næring som busettingsfaktor
- Felles kulturkalendar
- Felles 17.mai feiring i høve Henrik Wergeland-jubileet?
- Vil eit kulturråd og eit idrettsråd gje betre arbeidsvilkår for frivillig arbeid i Gulen?

Målet for møtet er å gje noko til alle som brukar av tida si for att det skal vere kjekt å bu i Gulen. Vi håpar det vil vere inspirerande å starte arbeidsåret med eit skråblikk og ei storsamling, og trur "Oppmuntringssamlinga" vil fyre opp under alt det positive som allereie skjer og samstundes gje nye idear.

Velkomen!

